



# Berekraftig parasitthandtering – treng eg bry meg?

Forfatter

Åshild Øritsland Våge, Helsetjenesten for sau

Sammendrag

Helsetjenesten for sau arbeider for tida med nye anbefalingar for berekraftig handtering av rundorm i Noreg. Anbefalingane skal etter planen vera ferdige i 2012. Bakgrunnen for at Helsetjenesten for sau har initiert dette omfattande arbeidet, er doktorgradsarbeidet til Atle Domke ved Norges Veterinærhøyskole. Han har funnet resistente rundormar i Noreg, og har vist at mange handterer rundorm på ein måte som disponerer for utvikling av resistens.

Publisert

2011

Referanse

Sau og Geit nr.6/2011

Utskriftsdato

14.03.2026 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)

# Berekraftig parasitt-handtering – treng eg bry meg?

*Helsetjenesten for sau arbeider for tida med nye anbefalingar for berekraftig handtering av rundorm i Noreg. Anbefalingane skal etter planen vera ferdige i 2012.*

Bakgrunnen for at Helsetjenesten for sau har initiert dette omfattande arbeidet, er doktorgradsarbeidet til Atle Domke ved Norges Veterinærhøgskole. Han har funnet resistente rundormar i Noreg, og har vist at mange handterer rundorm på ein måte som disponerer for utvikling av resistens.

I tillegg til HT-sau er Norges Veterinærhøgskole, Veterinærinstituttet og Legemiddelverket tungt inne i arbeidet med anbefalingane. Det finst lite erfaringsbasert kunnskap om handteringa av resistent rundorm i Noreg. I arbeidet med nye anbefalingar har me difor hatt med oss Neil Sargison, som er professor ved Veterinærhøgskulen i Edinburgh. Sargison har mykje erfaring med parasittresistens både frå klinisk praksis og som forskar.

## **Genane for resistens finst allereie blant rundormen**

Resistente rundormar er ikkje noko me «lager», men noko me «vel ut» (selektorer for). Ein kan samanlikne mangfaldet blant rundormane med mangfaldet blant oss menneske: 7 milliardar menneske er alle ulike som følgje av ulike genar. Genane gjev altså eit grunnlag for ein enorm variasjon. Tilsvarande mangfald og variasjon finn ein òg blant rundormar. Dette gjer at det finst nokre rundormar som frå naturen si side har genar som gjer at dei overlev behandling med parasittmiddel. Dersom me legg forholda til rette slik at desse rundormane får eit fortrinn, er utvikling av resistens berre eit tidsspørsmål.

## **Behandlingsrutinar påverkar resistensutviklinga**

Frå tida før resistente rundormar blei oppdaga har dei vore kontrollert ved hjelp av parasittmiddel. Målet har vore maksimal produksjon, noko ein best oppnår ved hyppig behandling som held smittepresset i beitet lågt. I tillegg har medikamentell behandling før dyra blir flytta til beiter med lite rundormsmitte vore anbefalt, då dette fører til at smittepresset i beitet held seg lågt lengre. Det er viktig å ha ein viss kontroll med rundorm for å unngå store produksjonstap. Når medikamentell behandling er det einaste tiltaket ein nyttar for å få kontroll

med rundormane, gjev ein derimot dei resistente rundormane det fortrinnet dei treng – ein får over tid utvikling av resistens. Her har me truleg mykje å hente, mellom anna ved å optimalisere behandlinga i kvar enkel buskap for å unngå unødig behandling (inkl. kapslar).

## **Resistens – vanskeleg å snu**

Dersom ein først får resistens er det svært vanskeleg, truleg umulig, å snu situasjonen. Dette er vist ved forsøk i England, der dei, etter å ha oppdaga resistente parasittar, bytta medikamentgruppe og berre behandla med andre preparat i over 15 år. Etter så mange år med eit anna middel skulle ein tru at resistensgenane ikkje lengre var dominerande. Når dei etter 15 år tok i bruk det første medikamentet att, viste det seg likevel at nivået av resistente rundormar raskt kom attende til det det hadde vore. Dette viser at dersom me først har fått resistens så må me leva med konsekvensane av dette i etterkant.

## **Konsekvensen av resistente rundormar**

I teorien kunne ein sett for seg ein situasjon med 100% resistente rundormar og framleis stor dyretettleik. I ein slik situasjon vil smittepresset i beitet bygge seg opp, og høg dødelegheit og store tap i tilvekst ville satt ein effektiv stoppar for saueproduksjonen. Dette er derimot ikkje den realistiske konsekvensen av resistens, då andre tiltak og evt. omlegging av drift vil bli gjort lenge før ein når denne situasjonen.

Parasittane kan bli resistente mot ei medikamentgruppe eller mot fleire medikamentgrupper (multiresistens). I Noreg har me



to medikamentgrupper, og så lenge det finst ei medikamentgruppe rundormane ikkje er resistente mot er det håp. Ein kan då skifte medikament, og dermed klare seg ei stund. At ein har fått resistens mot ei medikamentgruppe tyder derimot på at det er noko galt med rundormhandteringa, og faren for å få multiresistens er stor dersom ein ikkje gjer endringar i rutinane sine.

Konsekvensen av resistens ligg altså heller i ekstraarbeidet, dei ekstra utgiftene og det ekstra bryet ved å endre rutinane sine. I tillegg kjem tapte inntekter ved nedsett produksjon. Dersom ein har resistens kan ein ikkje lenger bruke medikamentell behandling for å oppnå maksimal produksjon. Ein vil altså få eit tilveksttap, som vi grovt sett kan anslå til fleire kilo per lam, som følge av at ein må ta vare på dei ikkje-resistente parasittane. For å klare dette må ein skaffe seg detaljkunnskap om situasjonen i buskapan, noko som er både tid- og arbeidskrevjande, og set krav til bonden sin motivasjon. I tillegg vil nedtrapping av produksjonen vera naudsynt for

mange, då dyretettleik er avgjerande både for behov for behandling og moglegheit for beiteskifte. Mindre produksjon på same areal vil vera eit direkte tap.

Resistente rundormar spreier seg svært lett ved flytting av livdyr. Sjansen for å få ein «nisse på lasset» er stor dersom ein kjøper livdyr frå buskapar med resistens. Av omsyn til kjøparen bør sal av livdyr, av den grunn, vera uaktuelt for buskapar med resistens.

### Resistens kan førebyggast

Anbefalingane som kjem i 2012 har som mål både å ta omsyn til produksjon og resistens. For å redusere talet på behandlingar, og i større grad ta i bruk ikkje-medikamentelle tiltak, må ein gjere vurderingar av rundormsituasjonen i kvar enkelt buskap. Dette vil det bli fokusert på i dei nye anbefalingane. Ein ønskjer seg altså i størst mogleg grad bort frå situasjonen der alle behandlar på faste tidspunkt uavhengig av behov. For mange vil dette vera ei stor endring i drifta samanlikna med i dag. Skal føre-

bygging av resistens lykkast er det difor avgjerande at du som bonde, tross meirarbeid og meirkostnad, ser på dette som viktig.

Åshild Øritsland Våge  
Helsetjenesten for sau

### Fakta om resistens:

- Nokre rundormar har frå naturen si side gen som gjer at dei overlever behandling.
- Behandlingsrutinane på garden vil påverke om rundormane med resistensgen får dominere.
- Rutinar som gjev utvikling av resistens:
  - o Underdosering av parasittmiddel
  - o Hyppig behandling
  - o Behandling før flytting av dyr til beiter med lite rundormsmitte
- Det er påvist resistens i Noreg
- Det kjem nye anbefalingar for berekraftig handtering av rundorm i løpet av 2012.

## LG Produkter AB

### Specialisten på færtillbehör

### Vi har allt du behöver

Svensktillverkade grindar

- Classic-serien - Perfekta att använda på betet, enkel hopkoppling.
- Euro-serien - Går att koppla ihop med de flesta grindar som använder hopkopplingspinne



### Helautomatiskt Vågssystem



Systemet är bl a levererat till  
Norska Senter för husdjursforsk i Ås.

### Vi har massor av færtillbehör



**LG Produkter AB**  
Bjärarydsvägen 408  
294 93 Sölvesborg  
Sverige  
Tel: +46 456-30331  
Fax: +46 456-30344  
E-mail: [order@lgprodukter.se](mailto:order@lgprodukter.se)  
Internet: [www.lgprodukter.se](http://www.lgprodukter.se)

